

## Høyringsvar frå Strandebarm-Tørvikbygd Bondelag

Strandebarm-Tørvikbygd bondelag har gjennomgått tiltaksanalysen som er laga for Hardanger vassområde. Me stiller oss positive til arbeidet som er i gang med å betra økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstane. Det er dessutan viktig i seg sjølv å få kartlagt tilstanden slik at dette kan nyttast som referanse i framtida.

Men det er skuffande at ein ikkje har involvert grunneigarar / grunneigarlag meir i datainnsamlingsperioden. Lokalkunnskap er avgjerande for å sikra god kvalitet på datagrunnlaget. Me er litt bekymra for at ein del konklusjonar er tatt på tynt grunnlag eller basert på utdatert informasjon. Dette gjeld spesielt inndelinga i vassførekomstar med «tilfredstillande» / «ikkje tilfredstillande» økologisk tilstand. Vassførekonstar har ulike naturleg tilstandar, pga ulike naturgitte forhold. Det blir feil å prøva å betra tilstanden til noko som er unaturleg bra. Likeeins blir det feil å konkludera med at eit vatn er av «god økologisk tilstand» berre fordi at ein manglar data på det motsette.

I vår gjennomgang har me spesielt fokusert på vassførekomstane i ytre delar av Kvam Herad. I all hovudsak er me einige med tiltaksanalysen når det gjeld type påverknad og foreslått tiltak.

Nokre kommentarer har me likevel:

1) Fjerna plastring:

Plastring av elvemunningar er der for ein grunn. Bondelaget er skeptisk til fjerning av plastring, då dette vil medføre erosjon.

2) Oppretta kantvegetasjon:

Oppretting av kantvegetasjon kan vera problematisk av fleire årsaker:

- låg kantvegetasjon har ein tendens til å bli høg skog etter kvart. Dette hindrar lystilgang for eng og beite, noko som reduserer avlinga kraftig.
- Røter frå tre og buskar vil gro inn i drenerøyra og tetta dei. Dette fører til dårleg drenering av landbruksareal og redusert avling/ større ugrasproblematikk.
- Det kan oppstå kunstige demningar i bekkane pga tilgroing/nedfall av lauv og greiner. Dette kan gje flaum eller føra til at bekkane tek nye laup.
- Areal på dyrka mark vert redusert.
- Oppreinsking og tilsyn med bekkane vert vanskelegare.

**Bondelaget meiner at hensyn til fisken må vegast opp mot hensyn til matproduksjon på land. Oppretting av kantvegetasjon bør begrensast til gyteplassane i elva og ikkje gjelda heile lengda på elva. Kantvegetasjon bør ikkje vera høgare enn 1 meter.**

3) Avrenning frå landbruk:

Det kan i mange tilfelle vera svært vanskeleg å lokalisera ei forureiningskjelde. Det kan t.d vera eit innfløkt grøftesystem som fangar opp

avsig frå både landbruk, spreidd busetnad og industri. Eller det kan vera sprekke i betong under bakkenivå på silo eller gjødselkjellar. Bondelaget vonar at Landbrukskontoret kan vera ein god medspelar i prosessen med å finna kjeldene, og me bed om at det ikkje må stillast urimelege tidsfristar for utbetring av konkrete funn.

4) 052-26869-L Bergsvatnet:

Dette er ein innsjø med naturleg svært lite vassutskifting og høgt humusinnhald. Det kan karakteriserast som eit stort tjærn i ei myr. Dette er ein naturtype som heilt utan menneskepåverknad vil gro igjen over tid. Me trur ikkje at fjerning av plantedeponi vil ha særleg stor effekt på miljøtilstanden i vatnet. Vatnet er omgjeve av eit breitt belte med takrøyr som visnar ned kvar haust. Dette bidrar nok med vel så nykje næringstilsig som plantedeponiet.

5) 052-54-R Dragselva:

Mistenkjer at datagrunnlaget er for gammalt. Lekkasje i avløpsrøyr vart tetta for ca 1,5 år sidan. Samstundes vart det laga tersklar skjulle hjelpa fisken å gå opp i elva. Arbeidet vart utført i sammarbeid med NVE.

Strandebarm-Tørvikbygd bondelag  
17.desember 2014